



Alver kommune  
Bygg, areal og grønt v/Linn Hagen  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14880 - 20/55101

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
04.09.2020

## Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - Gbnr 213/2 og 213/6, Eikanger nedre

**Tiltak:** Dispensasjon frå byggegrense mot veg  
**Byggestad:** Parkeringsplass Gbnr 312/2 og vendesløyve Gbnr 312/6 Eikanger skule  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søker:** Alver kommune Bygg, areal og grønt

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Alver kommune ved sektor for prosjekt søker om løyve til oppføring av midlertidig tiltak for å betre trafikksituasjonen ved Eikanger skule. I mange år har trafikksituasjonen ved skulen vore svært dårleg. Føresette som køyrer borna sine til skulen manglar areal til å etje av borna. Dete har ført til at parkering av køyretøy og av-/påstigning har ført til farlege situasjoner for mjuke trafikantar.

Det er planar om å etablere ny skule på Fyllingsnes. Når ny skulen er på plass vil det ikkje lenger være behov for Eikanger skule. Løysinga har derfor eit 5-10 års perspektiv . Inn til ny skule er på plass vil den skisserte løysinga vil vere ei betydeleg forbetring for skulen. Løysinga er utarbeida i samråd med vegavdelinga i Lindås kommune. Statens vegvesen (no Vestland fylkeskommune) har stilt seg positive til tiltaket. Fylkeskommunen v/samferdselsavdelinga har gitt trafikksikringsmidlar til tilaket.

I samband med tiltaket søker Alver kommune Bygg, areal og grønt om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for parkeringsplass på gbnr 213/2 og vendesløyve på gbnr 213/6.

Vurdering/drøfting:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp har vurdert trafikkforholda kring skulen. Vi ser at det er behov for å gjere skulevegen tryggare for dei som går og sykklar til skulen. Bygg, areal og grønt har utarbeida planen i samråd med vegavdelinga og Statens vegvesen. Fylkeskommunen har vore positive til planen og har gitt trafikksikringsmidlar til tiltaket.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan ikkje sjå at det ligg føre forhold som tilseier at kommunen ikkje kan gje dispensasjon frå byggegrense mot veg.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 13207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

### **Vedtak:**

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova § 29, dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

Dispensasjon frå byggegrense mot veg er gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom kant kommunal veg og næraste del av parkeringsplass skal være minst 2,0 meter. Parkeringsplasser skal være etablert slik at dei ikkje kjem i konflikt med siktzone i avkjørsle og i kommunalt vegkryss.
- Minste avstand mellom midt kommunal veg og næraste del av vendesløyve/HC-parkering skal være minimum 5,0 meter.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot veg er at det vert gitt byggeløyve etter plan og bygningslova.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg oppstår skader på, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltak skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket er søknadpliktig etter plan og bygningslova.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG